

Til kommunestyret i Radøy kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmann

## MELDING FRÅ REVISOR

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Radøy kommune som viser kr 269 012 239 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 4 649 952. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre notepplysningar.

#### *Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

#### *Revisors oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Grunnlag for konklusjon med atterhald*

Utgifter til bygdebok er utgiftsført i investeringsrekneskapen, rekneskapskjema 2B, med kr 1 192 600. Etter frådrag for salsinntekter og mva kompensasjon er det netto utgiftsført kr 862 198 vedrørende bygdebok i investeringsrekneskapen. Vi viser til Kommunal regnskapsstandard (foreløpig) nr. 4 samt uttale i brev frå Foreningen for god kommunal regnskapsskikk datert 25.04.07 til Revisjon Fjell IKS:

«Foreningens totalkonklusjon er at utgifter til bygdebokprosjektet – både utgifter til manuskript og trykking/salg må regnskapsføres i driftsregnskapet.»

Dersom utgift til bygdebok var ført i drifta ville netto driftsresultat i driftsrekneskapen 2014 vore kr 862 198 lågare.

#### *Konklusjon*

Med unntak av forhold omtalt i avsnittet "Grunnlag for konklusjon med atterhald" meiner vi at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Radøy kommune per 31. desember 2014 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

#### **Utsegn om andre tilhøve**

##### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

##### *Presisering*

Vi viser til omtale i innleiande note til årsrekneskapen og i årsmelding om føringsmessige endringar etter overgang til nytt rekneskapsystem. Dette medfører at enkeltlinjer i skjema 1B ikkje fullt ut samsvarer med opphavleg budsjettvedtak.

##### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Isdalstø, 18.05.2015

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik  
Revisjonssjef